

Avtale med Minnesota-universitet

Høgskolen i Telemark og University of Minnesota har signert ei intensjonsavtale om samarbeid innan forskning, utveksling av studentar og fagpersonar, samt felles publisering. Ifølgje høgskulen sine nettsider er avtala gyldig i tre år, og målet er å styrke banda mellom dei to institusjonane. University of Minnesota ligg i tvillingbyane Minneapolis/St.Paul i det «norske» området i Midtvesten. Høgskolen i Telemark er deltakar i eit prosjekt mot aktørar i Midtvesten saman med blant andre Telemark Fylkeskommune, lokalt næringsliv, museum, kulturliv og vidaregåande skular.

Treng valvakter

Kommunestyret vedtok i vår at det skulle vere val i alle krinsane til hausten, det vil seie Sanda, Forberg, Bø sentrum, Eikjabygda, Folkestad, Valen og Vatnar. Det har vore sendt ut skriv til tidlegare medlemmar i røystestyra og til velforeiningane i Bø, med spørsmål og å skaffe personar som kan jobbe i vallokala. Det er berre Eikjabygda Vel som har skaffa mannskap. Vela i to krinsar, Sanda og Valen, har meldt frå at dei ikkje ønskjer å stille. No har valstyret gjort vedtak om at det skal gjennomførast val i Eikjabygda og Gullbring, men ein vil jobbe med å skaffe folk slik at det også kan bli val i dei andre krinsane. Fristen er 20. august.

— No er det alvor



KOMMUNEREFORMA

Det seier ordførar Olav Kasland om kommunereforma. Etter alle solemerke set forhandlingsutvala for fire kommunar seg rundt bordet og startar arbeidet om ei veka.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Når kommunestyra i Seljord, Sauherad, Nome og Bø har valt forhandlingsutval tek det som blir kalla forprosjekt i kommunereforma til, og det er her det skjer. Arbeidet med å skaffe fakta om aktuelle kandidatar til å slå seg saman med, vart kalla forstudie, det vart avslutta i vinter.

I fasen som kommunane no går inn i skal dei forhandle fram ei intensjonsavtale om å slå seg saman. Det som kjem etterpå, hovudprosjektet, er etablering av ein ny kommune.

Intensjonsavtala skal vere ferdig innan neste sommar, altså eitt år. Det er i den avtalen strukturen for ei ny kommune blir utforma. Men først dei som skal utforme intensjonsavtala.

Tre politikarar

Måndag skal kommunestyret i Bø velje dei som skal representere vår kommune. Som i dei andre tre kommunane blir det ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar. I Bø har formannskapet innstilt på at opposisjonsleiar er Arne Storhaug (Ap) med Rønnaug Woxen Thoen (Sp) som vara. Ordførar Olav Kasland (V) og varaordførar Kristin Digraanes Bøen (KrF) er dei to andre.

Sauherad kommunestyre behandlar saka i dag, torsdag 11. juni og Seljord er ferdig. Siste kommune ut er Nome, den godkjenner truleg sitt forhandlingsutval 18. juni. 19. juni set etter alle solemerke forhandlingsutvala seg rundt bordet på Akkerhaugen. Då startar forhandlingane.

Kommunestyra skal, om dei føreslåtte vedtaka går gjennom, gi forhandlingsutvalet fullmakt til å fatte vedtak som sikrar framdrifta. Det skal halde formannskap og kommunestyre fortløpande orientert.

Arbeidsgruppa, som består av dei fire rådmennene, har alt hatt møte for å førebu arbeidet.

I tillegg skal det vere ei referansegruppe frå kvar av dei fire kommunane. Dei vil bestå av to hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Erling Rønnekleiv tek over som prosjektleiar 1. oktober, når han er ferdig med engasjementet i Gullbring kulturanlegg.

Kommunehuset først

– Me går på dei tyngste tinga først som kvar

kommunehuset skal ligge, seier Kasland.

Kommunenamn er også eit tungt tema, men til det trur ordføraren at ein må ha hjelp. – Men Bø vil framleis vere Bø, seier Kasland, med referanse til kommunenamnet.

I tillegg til intensjonsavtala skal forhandlingsutvalet finne ut korleis innbyggjarane skal involverast. Fylkesmannen har fått i oppdrag frå kommunalminister Jan Tore Sanner å sjå til at reforma blir gjennomført. Kasland opplyser at kommunikasjonsrådgjevar hjå Fylkesmannen, Anne Spånem, jobbar med ein informasjonsstrategi.

Nye kostar etter valet

– Det blir nye kostar i utvalet etter valet, seier Kasland.

Han veit ikkje kor langt ein kjem før nye kommunestyrerepresentantar skal veljast i september.

– Vil kommunereforma kunne bli valkampsak?

– Ikkje i Bø, her er alle vedtak einstemmig, meiner Kasland.

Når arbeidet i forhandlingsutvalet startar for fullt vil det vere møte minst ein gong i veka.

Tenester der folk bur

– Tenestene skal ein gi til innbyggjarane der dei bur. Dei administrative tenestene, som teknisk etat, kan ein diskutere kvar skal ligge, seier Kasland.

Det same gjeld kvar ordførar og rådmann skal sitje.

Alt, inkludert innbyggjarinvolvering, skal vere ferdig til 30. juni 2016, altså neste år.

– Me har veldig knapp tid, innrømmer ordføraren.

Men han seier at det er mogleg. Det er inndelingslova som regulerer prosessen.

– Å gjennomføre det innan fristen krev politisk vilje. Det å forhandle er ei oppgåve for politikarane, ikkje administrasjonen, understrekar Kasland.


Fleire forhandlingar

Ifølgje avisa Vest-Telemark Blad (VTB) har også Seljord starta forhandlingar med Nissedal og Kviteseid. Samtidig forhandlar Fyresdal og Tokke, medan Vinje har takka nei. Ifølgje avisa avviser likevel ikkje vinjeordførar Arne Vinje at kommunen kan kome med i arbeidet seinare. Vesttelene skal ha vore einige om å halde fram med samarbeid innan blant anna barnevern.

TIL FORHANDLINGSBORDET



Jon Svartdal, ordførar i Seljord.



TIL FORHANDLINGSBORDET



Bjørg Tveito Lundefaret, ordførar i Nome